



Team Statkraft Nordfjord Informasjon NC Simostranda 14.-15.januar 2012

Hei!

Her kjem justert informasjon om turen til Simostranda.

Vi blir totalt 20 løparar og 9 i støtteapparatet + Rune Åland. Avreise bil 1,5,6 og NT-bussen torsdag kl 15.00 frå Esso i Stryn, over Strynefjellet. Dei andre reiser fredag morgon, truleg via Hemsedal (om veret er bra).

Bilar og forslag til fordeling (om nokon vil byte bil, må dette avtalast direkte):

Bil 1: Svein Lasse Bødal. Passasjerar: Heidi, Isak, Trygve, Johannes

Bil 2: Odd Harald Heggen. Passasjerar: Kristin, Merete

Bil 3: Magne Hjelle. Passasjerar: Vebjørn (kan bli samkøyring med Heggen)

Bil 4: Kjetil Eide. Passasjerar: Ragnhild, Mari, Johan Eirik

Bil 5: Laila Støve Otterdal. Passasjerar: Helene, Emilie, Lars

Bil 6: Hans Erik Rand. Passasjerar: Pål Andre, Runar, Jarle

NT-bussen: Rune Roset. Passasjerar: Geir Olav, Steinar, Sindre

Anders og Sigrid reiser frå Trondheim. Ole Martin ordnar transport sjølv.

Sjåførane tek inn 100 kr i eigenandel frå kvar passasjer og kan sende reiserekning til kassarar Eli Kriken, 6763 Hornindal

Vi skal overnatte i Prestfoss, 19 km frå Simostranda. Ankomst torsdag ca kl 22, fredag ca kl 13. Hugs våpenvisitasjon etter trening! Løypene er opne til kl 16.00. Løparane testar og bestemmer seg for ski til neste dag og leverer skia til smørjarane i NT-bussen.

Vi skal bu på Folkemusikksenteret i Buskerud. Vi har bestilt 4 rom med 4 senger frå torsdag (alle i bil 5 overnattar privat) og 4 rom til frå fredag + eit felles opphaldsrom. Dei som kjem torsdag, finn nøkkel i kvit postkasse ved kjøkkeninngang på endevegg til høgre på vedlagt bilete.

Nøkklane passer til hovudinngangsdør på front av bygningen og til overnattingsrom

I 2. etasje – romnummer på kvar enkelt nøkkel. På grunn av ei minnestund fredag, har vi ikkje opphaldsrommet før kl 18. Vis omsyn til dette. Dusj og WC på gangen og i kjellar. Trådlaust internett. Frokost frå kl 8.45 fredag, frå kl 6.30 laurdag og søndag. Felles middagsbuffet frå kl 17 fredag og kl 18 laurdag. Maten står framme i 1 ½ time.

Det er 19 km til stadion, ca 20 min køyring. Vi må avtale eit transportopplegg til og frå med privatbilar. Dette tek vi på kveldsmøta ca kl 21 fredag og laurdag. Desse møta blir i fellesrommet på Folkemusikksenteret.

Det er sengeplass med sengkje og handkle til alle. Betaling kr 745 pr person for to overnattingar med mat. Alt går på fellesrekning til Tem Statkraft Nordfjord. Eigenandel kr 145 pr person blir gjort opp seinare. Utsjekking før kl 16 på søndag. NB! Dei som kjem torsdag, må betale kr 210 i tillegg, då opplegget som er godkjent av styret er med 2 overnattingar.

Romfordeling (forslag):

Rom 1: Svein Lasse, Rune, Isak, Trygve

Rom 2: Geir Olav, Pål Andre, Sindre, Steinar

Rom 3: Hans Erik, Jarle, Johannes, Runar

Rom 4: Heidi, Emilie, Helene, Laila

Rom 5: Johan Eirik, Vebjørn, Lars

Rom 6: Ragnhild, Mari, Kristin, Merete

Rom 7: Anders, Sigrid, Ole Martin

Rom 8: Odd Harald, Kjetil, Magne

Skipreparering: Det er no så mange løparar i teamet at jobben for smørjarane er ei stor utfordring. Før avreise må løparane sørge for at alle skipar er innsett med glider av same type, for å kunne teste ski og velje skipar til rennet neste dag, helst berre eitt par pr løpar. Smørjarane legg deretter på beste glider og pulver, og eventuelt topping og rill på renndagen. Smørjetips: Lavfluor Violet Rode GLF 30 eller tilsvarande.

På premieutdeling og ved fotografering må alle stille i Team Statkraft Nordfjord sine klede. Pass på at sponsormerka viser! Hugs også rett lue under rennet. DETTE ER VIKTIG!

HUGS OGSÅ:

- Skot!
- Brikka!
- Alle sponsormerke må vere på, og på rett plass! Plassering: sjå «modell» Johan Eirik på heimesida (vest) og vedlegg med «modell» Lars (konkurransetrikot).
- Godt humør og godt samhold! Vi er det beste teamet i landet!



Støtteapparat:

Reiseleiar: Magne Hjelle

Smørjing : Rune Roset og Svein Lasse Bødal

Skitesting/reservestavar: Odd Harald Heggen

Standplass: Anders Vonheim og Rune Åland

Sekundering/reservestavar: Hans Erik Rand, Kjetil Eide, Ragnhild Sollid

Fotografering og presse: Laila Støve Otterdal

Ta med jaktradio og PC til sekundering.

Kontakt reiseleiar ved eventuelle forfall eller spørsmål.

Vi ser fram til ei spanande helg for alle i Team Statkraft Nordfjord!!

Med helsing

Magne Hjelle

908 26775

magne.hjelle@fjordvarme.no

